

Oppgåve 1

Oppgåve 1a

Eg trur teksten “Hold min hånd” av André Bjerke handlar om forelsking eller sakn. Forfattaren har brukt gode verkemiddel for å formidle dette. Spesielt gjennom gjentaking av setninga: “Hold min hånd en liten stund!”(Bjerke, 2015), og symbolet: “Jeg er hos henne”(Bjerke, 2015). Her forstår lesarane at det lyriske-eg lengtar etter det lyriske-du.

Oppgåve 1b

“Sola stige og stige i andletet ditt” i teksten “Eg har så lyst” av Hanne Aga kan bety at ei glede kjem fram i det lyriske-du. Sola er varm, lys og sterk, og desse adjektiva kan symbolisere glede. Sidan sola stig i andletet, kan det til dømes symbolisere eit smil. Viss ein også ser på tidlegare verselinjer ser ein at det lyriske-eg ønskjer å springe av garde med det lyriske-du frå “ein snødag”(Aga, 2015). Gjennom kontrasten av snø og sol, kan det bety at ein går frå kald til varm. Dette kan vidare bety å gå frå trist til glad.

Oppgåve 1c

“Hold min hånd” av André Bjerke er eit dikt som brukar kryssrim og fast rytme. Verkemiddel som gjentaking og symbol er godt brukt for å få fram temaet. Til dømes gjentakinga av: “Hold min hånd en liten stund!”(Bjerke, 2015) og symbolet: “Jeg er hos henne”(Bjerke, 2015). Her forstår lesarane at det lyriske-eg snakkar til ei jente som det ønskjer å halde hand med. Tema som forelsking eller sakn passar godt.

“Eg har så lyst” av Hanne Aga er også eit dikt. Her er ikkje rim tatt i bruk, og diktet har ein fri rytme. Dette gjer stemninga mindre fast enn “Hold min hånd”, og lesarane kan tolke diktet meir fritt. Verkemiddel som symbol og kontrast er spesielt godt brukt i dette diktet. I diktet ønskjer det lyriske-eg å få det lyriske-du vekk frå snøen og inn i sola(Aga, 2015). Kontrasten frå snøen og sola kan symbolisere å gå frå trist til glad.

Dermed er tema i “Hold min hånd” forelsking eller sakn, medan “Eg har så lyst” handlar meir om venar og hjelp.

Kjeldeliste:

- Bjerke, André (2015). *Hold min hånd. Samlede dikt.* Aschehoug.
- Aga, Hanne (2015). *Eg har så lyst* i Ellen Wisløff (red.) *Ren poesi.* Cappelen Damm.

Oppgave 2

Oppgave 2a

Hysj

Eg går mot brua, med saltvatnsmak i munnen.

Brua som er uhyggjeleg å vandre over. Brua som eg ikkje får lov å gå på av mor. Brua som er 50 meter over havet. Eg pleide å køyre over ho. I bil såg eg utsikta godt, og eg var trygg som ei redningsvest. Likevel val eg å vandre over ho no. Utan redningsvest.

Eg går mot brua og ser eg dei digre stolpane som held brua oppe. Haugevis av slitte, rustne stolper som alle førarar stolte på. Eg lurar på når dei skal pusse brua opp. Rundt inngangspartiet er det ei bom. Omtrent ti bilar står og ventar. Eg håper ikkje personane i bilane får sjå kva som skal skje. Eg hugsar då eg fann pappa på badet. Tauet ligg framleis i boden. Mamma slit når ho skal lage middag, tjene pengar og ikkje minst ta seg av meg. Eg, som er ein fugl blant fisker og brus blant vatn. Eg kjenner saltvatnsmaken i munnen. Brua var einvegskøyrd, noko som eg synes er litt rart. Ein av byens største bruer utan to felt? Slike tanker kjem opp i mitt hovud heile tida, men på skulen må eg rekne ut kor lang brua er.

På brua kjennes det uvanleg å ikkje vere i ein bil. Brua som vi eigentleg passerer så fort. Utan å tenkje over og sjå kor høgt vi er over havet. Utan å tenkje over korleis lufta ville kjennest ut og korleis plasket ville sett ut. Utan å tenkje på saltvatnsmaken, som eg kjenner på no. Eg tar skritt for skritt og nærmar meg midten av brua. Det høgaste punktet. Plutseleg ser eg ei kjent skikkelse i sidesynet. Eg fryser og ser om nokre bilar kjem. Kjenner lyden av vinden ta over og medkjenslene blomstrar. Lukten av ein kjend parfyme treffer meg. Ei jente med blondt hår, rosa genser og bøygde ryggen. Det er Emma! Emma frå klassen min er visst på brua også. Ser ut som ho har litt saltvatnssmak også. Ho sit på kanten av brua, forbi beskyttelsesgjerdet.

“Emma?” seier eg roleg slik at ho også held seg roleg. Ho skvett. Eit rykk går gjennom kroppen hennar og ho tek tak i gjerdet. Det kjem også eit lite skrik frå munnen hennar. Virker som eg ikkje snakka så roleg likevel. “Kva gjer du her?” sa Emma etter eg skremde vettet av ho. Blikket mitt møter hennar og ho har blanke auge. Andletet hennar er fylt med skrekk og ho ser seg bekrymringsfull rundt. Ho var som ein liten kvalp utan mora si. “Du kan ikkje seie dette til nokon. Då gjer eg det.” sa ho kort tid etter ho vendte blikket mot meg igjen. Eg prøvde å halde meg roleg, men eg måtte berre ta ut mobilen bak ryggen min. Eg var rutinert med nummeret. “113.” tasta eg inn utan at Emma fekk det meg seg. Det gjekk automatisk, akkurat som hjartet bankar. Dette er ikkje første gong eg har tasta inn det nummeret. Eg hugsar då pappa hang der, heilt lilla i fjeset. Og då mamma låg bevisstlaus på bakken med tomme flasker rundt seg.

“Berre gå forbi.” seier Emma. “Gløym meg. Vi har aldri vore venar uansett.” seier ho medan ho vender blikket sitt ned mot havet. Eg klatrar over beskyttelsesgjerde medan eg smilar. Eg må prøve å halde meg roleg, slik at ho ikkje skjønar kva eg må gjere for å redde ho. “Kvifor?” spør eg. Emma lukker auga. “Eg orker ikkje meir” seier ho. “Ingenting går min veg. Kvifor skal eg fortsette då?” spør ho meg. Ho ser på meg som om eg veit svaret. Eg veit ikkje svaret, men eg må seie noko. “Eg trur du burde bli, fordi alt kan fikses. Alt som er øydelagt her i verda, må ikkje forbli øydelagt.” seier eg. Plutseleg høyrer eg ut som psykologen min. Psykologen som eg seinast besøkte igår. Emma svarer ikkje på det eg sa. Ho sit berre der med rennande nase og raude auge. Får håpe ho reflekterer godt over det eg sa, fordi det var det eg måtte gjere i går hos psykologen. “Kan du love å halde det hemmeleg?” spør ho meg plutseleg. Verker som vidsomsorda mine ikkje fungerte så bra. Men kva som skjer snart veit eg vil funke.

Eg sjekkar klokken. Ser meg rundt. Dei må vere her snart. Sirenene høyrer svakt frå ho eine sida frå brua. “Emma? Sjå fuglen då.” seier eg medan eg peiker opp i været. Emma vender blikket. Det er på tide. Saltvatnssmaken er i nærleiken. I eit kort augeblikk kjenner eg meg fri. Som fugla eg peika på for to sekund sida. Vinden blæs i håret mitt, alt er stille. Som eit lite hysj.

Eg lukkar auga, og strammar musklane.

Oppgåve 3

“Unge føretrekkjer engelsk -Det er fleire ord eg ikkje kan på norsk, basically” er ein avisartikkel frå Moss Avis som hovudsakleg handlar om korleis bruk av engelsk er i Noreg. Dette kjem for det meste fram gjennom eit intervju av Ylva Øverland Sørli som er ei av mange som snakkar mykje engelsk i kvardagen. Artikkelen har òg med statistikk, forklaringar og intervju av ekspert Anne Mette Sunde, slik at lesarane forstår innhaldet godt.

Eit viktig tema som kjem fram gjennom artikkelen er påverknaden frå det digitale. Men korleis endrar eigentleg det digitale språket vårt? Eg trur sosiale medium har mykje å seie. Eg opplev at mange unge brukar utruleg mykje tid på plattformer som TikTok og Instagram, kor engelsk er språket som brukast mest. På den eine sida kan dette hjelpe unge å lære engelsk betre. Ein lærar fleire ord og forståinga for engelsk styrkast. Er ikkje då det digitale berre positivt? På den andre sida kan denne læringa påverke det norske språket. Eg meiner at det norske språket er fint som det er. Vi har eit unikt språk som fungerer godt når ein til dømes skal prate med besteforeldre. Så klart prater ein norsk med venar også, likevel forstås engelsk betre der enn i bestemor sitt hus. Det eg prøver å seie er: Kan engelsk eigentleg normaliseres blant dei unge?

Til dømes fortel Sørli at ho kan snakke engelsk med venninnane sine, men saman med foreldre og besteforeldre forhold ho seg til norsk (Ferkingstad, 2023). Kvifor er den digitale påverknaden negativ når dei unge kan tilpasse seg slik som Sørli gjer? Samstundes finst det eit anna perspektiv: Kanskje handlar alt dette om å finne ein balanse? Eg meiner, ja vi kan påverkes av engelsk. Samtaler kan bli lettare, ein kan finne fram ord raskare. Men treng vi å gå over streken? Treng vi å byte ut norsk med engelsk?

Til slutt er engelsk godt blanda inn i norsk hos mange. Personar som Sørli brukar mykje engelsk, men ho bevarer framleis norsk ved å snakke det med foreldre og besteforeldre. Den digitale utviklingen fortsetter, språket vårt blir påverka og debatten lever. Kanskje det viktigaste er at vi fortset å stille spørsmålane.

Kjeldeliste:

- Ferkingstad, O. J. (2023, 15. oktober). *Unge foretrekker engelsk: Det er flere ord jeg ikke kan på norsk, basically*. Moss avis. Henta 22.05.2025 frå:
<https://www.moss-avis.no/unge-foretrekker-engelsk-det-er-flere-ord-jeg-ikke-kan-pa-norsk-basically/s/5-67-1838240>